

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 2. søndag i fastetida – 4. mars 2012

Preiketekst: Luk 7, 36-50

Lesetekst I: 1 Mos 3,8-15

Lesetekst II: Rom 5,17-19

## Tilgjeving og takksemd

### *Til dagen:*

Fastetida fokuserer på dei store kampene i liva våre. Denne søndagens tekster seier at synda sine vilkår går djupt i oss. Hovudsaka er likevel ikkje syndas makt, men nådens og tilgjevninga si større makt.

Vi har mange gode songar og salmer om dette, som gjerne må nyttast i gudsteneste og møte: Takk at du tok mine byrder; I syndsforlatelsens rike; Du som freden meg forkynner.

### *Til teksten:*

Fortellinga er svært ulik den i dei tre andre evangelia som er om Maria i Simon den spedalskes hus innunder påske. Simon var eit svært vanleg jødisk namn. Det er derfor lite påfallande at det er knytt til begge hendingane. Den andre hendinga skjer i Betania, knytt mot Maria og søskena hennar, og hovudsaka er at læresveinane reagerer på pengebruken, mens Jesus ser ei profetisk salving til hans soningsgjerning og gravferd.

Då er det viktigare å sjå på samanhengen som vår forteljing står i. Lukas har nettopp poengtert av at Jesus var saman med “tollarar og syndarar” (7,24). Deretter fortel han om kvinnene som gjekk med Jesus og tente han med liv og eigeidom (8,1-3). Altså: Jesus var mest saman med tollarar og syndarar og kvinner – jamvel syndige kvinner. Alt stridde imot konvensjonane i den jødiske samtida og skapte reaksjonar.

Desse deltar: Ein farisear, ein forkynnar og ei “syndig kvinne”, truleg prostituert. Ho var absolutt ikkje invitert og var uvelkommen. Kanskje var ho ugift. I så fall var det strenge reglar for kor fritt ho burde ferdast offentleg utan saman med far eller bror. Kvinner gjekk ikkje fritt i menns selskap. Mange meiner at det utslåtte håret som ho tørkar Jesu føter med, nærast var som å gå topplaus. Laust hår betydde laus kvinne. Sjølv om vi ikkje veit dette sikkert, er det i alle fall klart at situasjonen var flau for alle – utanom Jesus.

Vers 36-39: Simon tenkte at dersom Jesus visste eller var ein profet, ville han ha vist henne frå seg. Men Jesus visste og var ein sann profet – og derfor tok han seg av henne. Forskjellen

mellom Simon og Jesus er ikkje ja eller nei til synda. Forskjellen ligg i Jesu avsløring av all synd som gjer at Gud ser oss alle likt, men også at Jesus trur på forandring.

Vers 40-43: Likninga fortel om to menn i gjeld, i trøbbel, utan utveg. Den eine skuldar to årsløner og den andre to-tre månadsløner. Forbruk over evne og høge renter gjer at dei ikkje kan gjere opp for seg. Begge blir ettergitt - utan at dei fortener det. Det siste har gått hus forbi hos Simon.

Vers 44-46: Oppførselen til ho som oppdagar tilgjevinga, blir upassande i den velykka sine auge. Ho gjer det han kunne ha gjort, men som likevel ikkje var vanleg i Israel. Fotvask var slavens arbeid. Kyss var vanleg i nære relasjonar og som teikn på forsoning, men ikkje ved ordinær invitasjon. Salvinga går også utover det ordinære. For Simon var besøket eitt av mange selskap, høfleg og ordinært. Han oppførte seg korrekt, men ikkje meir. Jesus var "lærer" (rabbi), men ein lærar under oppsikt – "er han såpass som han gir seg ut for å vere?" For kvinna var det annleis. Det strøymar over av takk. Alle handlingane hennar går mot dei kroppsdelane som blei rekna som mindre verdige, og ber tydelege teikn på at ho stiller seg under Jesu makt og vil tene han.

Jødedommen var full av skikkar knytt reinsing og gudsdyrking, slik den er det i dag med heile kosher-systemet. Kvinna sin oppførsel bryt med dette, og Jesus stadfestar henne, liksom han også ved andre høve brukar profetane sin kult-kritikk for å forkynne den større rettferda. Det kan vere ei utfordring til korleis vi skal stille oss i møte med dette i dag, i spenninga mellom misjonens nødvendige kulturtilpassing for evangeliets skuld, og det radikale evangeliet som bryt gjennom gamle bod og ordningar og skaper noko nytt. Jøden Peter blei kalla til ikkje å kalle ureint det Gud kalla reint. Slik kom evangeliet til oss heidningar (Apg 10). Vi treng å reflektere over korleis dette nyskapande ved evangeliet kan fungere når det går motsett veg, tilbake til folket der det kom frå.

Vers 47-50: Tilgjevinga spring ikkje ut av kvinna kjærleik, men av Guds kjærleik. Språkleg kan det omsettast på begge måtar i v.47, men det er ingen sakleg tvil om retninga. Sjølv poenget i forteljinga er at hennar kjærleik spring ut av tilgjevinga, den ufortente nåden. V.50 slår fast at det er ved tru ho utfører si kjærleikshandling. Ved denne trua har ho frelse, ho som ikkje hadde rettferdige gjerningar. Spørsmålet i v.49, "Kven er han?", er avgjerande, fordi han med si tilgjeving for synder som ho hadde gjort mot andre enn Jesus, set seg i Guds plass.

### *Til preika:*

I preika kan vi spørje kva motivasjon den respektable og sjølvrettferdige Simon og kvinna med dei motsette trekka, hadde for å vere saman med Jesus. Det synes som den eine er det av høfleg "interesse", mens det stod om liv og død for den andre.

Simon kan for den del representere interessa for tru og religion i det offentlege rommet, det same offentlege rommet som har allergi mot tydeleg tale om synd og oppgjer, og derfor også mot forsoninga og syndstilgjevinga sin sentrale plass i den kristne trua. Den som ikkje ser at han treng tilgjeving, forstår aldri den som treng det. Den som ikkje har hatt bruk for nåde og tilgjeving, forstår heller ikkje han som gir den. Den sjølvrettferdige nøyer seg med å samanlikne seg med andre. Den som syns han klarer seg, søker ikkje tilgjeving. Den som ikkje treng tilgjeving, vil ikkje vise takksemnd til den som tilgir eller forstå den som blir tilgitt.

Det er eit vesentleg poeng at Jesus nektar å identifisere folk med ryktet deira. Ingen treng å vere slave av fortida si. Preika kan munne ut i dette doble forholdet: Syndstilgjeving og frelse ved tru på Guds kjærleik i Jesus Messias. Takk og kjærleik retta mot han som aleine kan slette ut brot og synder. Han som handlar i Guds stad – og skal tilbedast som Gud sjølv.

**Rolf Kjøde**

Generalsekretær i Normisjon.

[rolf.kjode@normisjon.no](mailto:rolf.kjode@normisjon.no)